



## ■ rundskriv nr. 10/10

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane, dei private skolane og ungdomsskolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
07.06.2010	28800/2010/040

### **Påminning om MinID til elevar som skal svare på tilbod om inntak til vidaregåande opplæring**

Svar på inntak vil vere klart 9. juli, og svarfristen er 16. juli. Svar på tilbod skal gjevast på [www.vigo.no](http://www.vigo.no) og søkjarane må bruke PIN-kodar til MinID for å gå inn og svare.

Utdanningsavdelinga vil med dette be alle skolane om å gå ut med ei påminning til elevane sine om at dei må sjekke at dei har kodane dei treng for å gå inn og svare på tilbod om skoleplass i juli. Har nokon mista sine PIN-kodar eller passord til MinID må dei snarast bestille nye.

For å få nye PIN-kodar til MinID må ein kontakte Skatteetaten. Ein må huske at PIN-kodar til MinID blir sendt til den folkeregistrerte adressa, og det kan ta nokre dagar før ein får desse i posten.

Dersom ein har gløymd passordet sitt må ein kontakte MinID.

Informasjon om korleis ein får nye PIN-kodar frå Skatteetaten eller nytt passord frå MinID ligg på [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no). Dersom ein ikkje går inn og svarar på tilbod om skoleplass eller ventelisteplass innan fristen mister ein tilbodet og har ikkje krav på å få eit nytt.

Utdanningsavdelinga vil sende ut SMS med påminning om at inntaket er gjort til dei søkjarane som har lagt inn sitt mobilnummer på søknaden på vigo.no, men søkjaren treng ikkje å få ei slik påminning for å gå inn og svare på tilbod. Inntaket vil vere synleg på vigo.no frå og med 9. juli. Søkjarar som ikkje har lagt inn mobilnummer på søknaden sin vil som før få svar med svarslipp i posten. Dei kan enten sende oss svarslippen per post, eller gå inn på vigo.no for å svare.

Søkjarane kan allereie no gå inn på vigo.no og legge inn førehandssvar dersom dei veit at dei er bortreist på ferie og ikkje vil ha tilgang på Internett når svaret om inntak kjem. Dersom ein legg inn førehandssvar treng ein ikkje svare innan svarfristen, men kan gå inn og sjå kvar ein har fått tilbod om plass, samt dato og tidspunkt for oppmøte ved skolen når ein kjem heim att frå ferie.

Vi har laga eit informasjonsskriv med mykje informasjon om inntak til vidaregåande opplæring. Skrivet er tilgjengeleg på vår heimeside:  
<http://www.mrfylke.no/Tenesteomraade/Utdanning/Inntak> Det er fint om skolen kan informere søkjarar og eventuelt føresette om at dette skrivet ligg her.

Med helsing

Jane Anita Aspen  
seksjonsleiar

Laila H. T. Nielsen  
konsulent

Gjenpart:  
Fylkesrådmannen  
Fylkesordføraren  
Lærarorganisasjonane  
Utdanningsutvalet  
Yrkesopplæringsnemnda